

Dato 26.02.14	Elevkode r 610x	Kjønn: jente gut	Det første språket du lærte: norsk anna
------------------	--------------------	---------------------	--

Skriveoppgåve :

Førestill deg at du har gjort noko, som har ført til at det er begynt å brenne. Du blir veldig i tvil om du skal varsle om brannen eller berre stikke av. Fortel kva som skjer, og kva du tenkjer.

Skogbrannen

Det var sommar, eg og F7 ville ut i skogen for å grille og bade i tjernet. F7 er besteveninna mi. Vi gjekk ut i skogen for å lage bål og bade og kose oss sidan det var sommarferie. Vi fann oss ein fin plass der vi kunne grille nær tjernet. F7 fann fram fyrstikker, og eg gjekk og fann ved til bålet. Når bålet var tent, tok vi til å grille pølser og marshmallows. Det var kjempegodt, men F7 fekk marshmallows i håret. Etter at vi hadde sete ved bålet og ete og kosa oss ein stund, gjekk vi ned for å leike i tjernet. Det var kjempegøy å bade.

Etter at vi hadde bada ei stund, spurte eg F7 om ho syntest at vi skulle begynne å gå heim igjen. Vi begynte å gå heim, men plutselig kjente F7 ei svidd lukt. Vi kjente at det begynte og komme mykje vind, og da kom vi på at vi hadde gløymt og slukke bålet før vi gjekk ned for å bade. Vi sprang bort til bålet. Elden hadde begynt og spreie seg. F7 fekk heilt panikk. Vi viste ikkje heilt kva vi skulle gjere. Hjertet mitt dunka skikkelig hardt.

fann fram mobilen og sa vi må ringe 110, Brannvesenet. Nei! sa eg, då kjem politiet og da kjem vi i trøbbel. Dei kan ringe foreldra våre, og då kjem vi aldri til å få gå ut aleine igjen. Vi kjem til og få kjempemasse kjeft og husarrest i fleire månader. Men da kjem brannen til og spreie seg, og då får vi dårleg sannvittigheit resten av livet, for det var vår skuld. Det kjem til å bli verre å la brannen fortsette enn å få litt kjeft og husarrest, sa ho

Greitt, da vi ringer brannvesenet, sa eg. Skal vi seie at det var vi som gjorde det, eller skal vi berre seie at vi gjekk forbi og så såg vi det? Vi må nesten seie at det var vår skuld.. F7 ringte så fort så mulig til brannvesenet. Brannvesenet kom og dei fikk kontroll på brannen, og fikk slukka den. Eg blei skikkelig klam i handa. Politiet var der også. Dei spurte kva vi hadde gjort, og dei ringte foreldra våre. Foreldra våre vart kjempe sinte og lèt oss ikkje gjere noko gøy på lenge.

Då vi kom heim, var foreldra våre kjempesinte. Foreldra våre måtte gi oss straff for det vi hadde gjort. Vi måtte jobbe for den som eig skogen som unnskyldning for at vi hadde lagd brann i skogen hans. Vi fekk straff av foreldra våre også, så vi måtte jobbe for foreldra våre i fire månader. Vi fekk og husarrest i tre månader.